



Rutineskildring

Kyrkjeringen i Stedje sokn

Føremål

- Kyrkjeringen skal vere eit fellesskap for menn som er med i kyrkjelyden og som ynskjer ein sosial møteplass. Kyrkjeringen kan vere eit utgangspunkt for dugnad.
- Dele Guds ord.
- Samle inn pengar til ulike føremål i kyrkjelyden.

Aktivitet

Kyrkjeringen har samling siste onsdag i kvar månad, totalt ca. 8-9 samlingar i løpet av eit år. Til fleire av møta inviterer dei ein gjest som fortel om sitt arbeid, sine oppgåver eller engasjement, som dei er opptekne av. Nokre av medlemmane deltek òg ved dugnader i eller rundt Stedje kyrkje.

Leiaren av kyrkjeringen har følgjande oppgåver i samband med møta:

- Saman med diakon sende ut invitasjon til kvart møte.
- Leie møta.
- Spørje nokon andre eller sjølv ha opningsord.
- Gjennomføre utlodding.
- Finne emne vi skal ha på samlingane og spørje ein «gjest» til kvart møte.
- Skrive kort referat frå kvart møte.
- Lage kaffi.
- Ha ansvar for at nokon verte spurde om å ha med noko å bite i til neste møte.

Gruppeleiar

Gruppeleiar for kyrkjeringen:

Helge Torstad, m. 452 15 829, e-post: helgetorstad@gmail.com

I tillegg til å planleggje møta, skal gruppeleiaren mellom anna vere med å rekruttere nye medarbeidarar, ta imot dei, lære dei opp og følgje dei opp.

Dersom du har spørsmål eller tilbakemeldingar, kan du ta kontakt med den som er gruppeleiar.

Informasjon om faste samlingar

Dei som er med i kyrkjeringen vil verte invitert til medarbeidarsamling – til vanleg i september. Her vil dei kunne møte frivillige frå alle 6 sokna.

Kyrjekontoret

- Sender ut SMS med invitasjon til samling i forkant av kvar samling
- Sender ut liste over alle deltakarar kvart halvår med kopi til diakon.
- Kan bidra med rekruttering.
- Legg namn, tlf. og e-post til nye deltakarar inn i datasystemet.

Revisjon

Alle rutineskildringane skal kontrollerast ein gong for året (august) eller oftare om det vert gjort endringar. Det er soknerådet som har ansvar for dette – etter eventuelle innspel frå gruppeleiar – sjå årshjulet.